

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG**Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjon frå LNF-område - kaianlegg - gnr 146
bnr 6 - Ytre Fosse - Alver kommune**

Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv viser til dykkar brev datert 05.01.2021, der de ber om fråsegn til sak som gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen (2019-32), samt frå byggeforbodet i 100-metersbeltet mot sjø. Det omsøkte tiltaket gjeld oppføring av ny kai og privat VA-anlegg i samband med den pågåande restaureringa av garveriet på Ytre Fosse, gbnr. 146/6. Området er omfatta av omsynssone H570_1 (bevaring kulturmiljø, indre farlei).

Vurdering av tiltaket

Vestland fylkeskommune er kjent med den pågåande restaureringa av garveriet på Ytre Fosse (SEFRAK-ID 1263-0019-127). Dei siste åra er det utført eit stort stykke arbeid på bygget som sto ferdig i 1896, og som i lengre tid sto til forfall. Dette restaureringsarbeidet utgjer eit særst positivt løft for området. Kulturverntenesta i Nordhordland har over lengre tid vore kopla på prosjektet når det gjeld fagleg rådgjeving omkring tilstand, kulturminneverdiar og istandsetjinga. Den pågåande oppgraderinga av bygningsmassen blir utført i tråd med desse råda.

Grunngevnaen knytt til søknaden er i hovudsak knytt til at bevaringa av garveriet og del av eigedomen som kulturmiljø vil styrke LNF-føremålet. Det er vist til at kaia kan etablerast uavhengig av eksisterande bygg og steinkai, og at tiltaket er reversibelt. Kaia skal etablerast langs bygget sin vestre fasade, og skal i hovudsak byggast i tre, men med pålar i betong mot sjøbotnen. Føremålet med ei utviding av kaiområdet er enklare vedlikehald og tilkomst til bygget. Det er begrensa tilgang til bygget på land, og det blir i søknaden presisert at opparbeiding av vegtilkomst vil krevje større tiltak i terrenget. Det omsøkte VA-anlegget gjeld slamavskillar som skal etablerast innomhus.

Garveriet ved Ytre Fosse ligg i eit område som er definert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse; den indre farleia. I kommunedelplanen er farleia definert med omsynssone kulturmiljø (H570_1), der kulturminne og kulturmiljø av særskilt verdi skal ivaretakast for framtida. Garveriet ved Ytre Fosse er eit særprega, identitesskapande element langs den indre farleia, og innehar høge regionale kulturminneverdiar. Til tross for at det ikkje har vore produksjon her på mange år, så er alle funksjonane knytt til den opprinnelege drifta framleis å finne i bygget. Den nye kaia vil bygge opp under den nye bruken, som enno ikkje er spesifisert, ved at ein får enklare tilgang til bygget.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune stiller seg positive til tiltaket. Garveriet ved Ytre Fosse har høg, regional kulturminneverdi, og tilkomst frå sjøsida er særst viktig for den vidare bruken av bygget. Tilkomst frå sjøsida underbyggjer også den kulturhistoriske bruken av den indre farleia.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Berit Vik
spesialrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift